


## PLANOMTALE

### REGULERINGSPLAN FOR SANDVATN, ØVINGS- OG KONKURRANSEOMRÅDE FOR SNØSCOOTER, 2015-2019.

PlanID: 05001

HÆGEBOSTAD KOMMUNE



## **1.BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET**

I prosessen med kommunedelplan for Hekkfjell (1994-2005) vart det diskutert korleis ein kunne få den motoriserte ferdsla i utmark vinterstid inn i meir organiserte former og innafor eit avgrensa område. Det kom difor forslag om å opprette eit eige øvings- og konkurranseområde for snøscooter. I sak 149/97 vedtok formannskapet i tråd med kommunestyrevedtak sak 063/97 av 26.06.97 rammer for arbeidet.

## **2.FØRINGAR FOR PLANEN**

Reguleringsplanen skal utformast med avgrensa tekst og føresegner.

Det skal opplysast kva for privatrettslege tilhøve og avtalar som vil vere knytt til aktivitet i området.

Følgjande tilkomstveggar/trasear skal nyttast inn til planområdet:

1. Landdalsvegen
2. Hekkfjellvegen
3. Grytåvegen.

Tilkomstvegane er ikkje ein del av planen.

Periode og tidsavgrensa bruk til motorisert ferdsel gjeld for perioden 1.jan. - 1. mai i 4 år. I føresegnene skal det opnast for rullering/revisjon av planføremaal ved utgangen av dei 4 åra.

Døgntid-avgrensing: Det skal ikkje vere tillatt med køyring mellom kl. 24:00 og 08:00. (Evt. nattkøyring/løp vert å handsame som dispensasjonssak).

Det skal ikkje oppførast bygg eller fysiske innretningar i området anna enn eit telt som skal fungere som varmestove.

Omsyn til villrein skal innarbeidast.

Det skal alltid vera tilgjengeleg informasjon om kva tid området er i bruk.

Kvart år i forkant av sesongstart skal det arrangerast dialogmøte mellom kommunen, snøscooterklubben, politiet og SNO (Statens naturoppsyn). Kommunen er ansvarleg for å kalla inn til møtet.

## **3.REGIONALE PLANAR**

### **3.1 Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, Heiplanen**

Heiplanen erstattar tidligare planar for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Føremålet er at planen skal være eit godt verktøy for god forvaltning av Noregs sørlige villrein og arealbehov av planområdet.

Det er i første rekke omsynet til villreinen som er avklart i planen. Øvrige arealomsyn (natur, kulturminner/-miljø, friluftsliv, landskap mm) er ikkje avklara. Denne planen gir følgende avklaringar:

- I Nasjonalt villreinområde (NVO) skal villreinen ha fortrinn
- I hensynssone villrein skal en gjennom konsekvensutredning avklare forholdet til villreinen
- I hensynssone trekkområder skal villreinens interesser angående trekk prioriteres.
- I hensynssone bygdeutvikling er hensynet til villreininteressene avklart.

Retningslinene og tilpassa arealformål skal innarbeidast i kommuneplanen. Heiplanen gir og rammer for sakshandsaming av eventuelle dispensasjonssøknader.

Planområdet ligg innafør hensynssone bygdeutvikling.

### **3.2 Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, 2014-2020.**

Vest-Agder fylkeskommune vedtok 18.12.2013 Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet med tilhøyrande handlingsprogram. Planen gjeld for perioden 2014 -2020, og skal leggst til grunn for kommunal, statlig og fylkeskommunal verksemd i fylket.

Planområdet ligg innafør ID Hekkfjell og er vurdert som eit svært viktig friluftsområde.

## **4.KOMMUNALE PLANAR**

### **4.1 Kommunedelplan- Hekkfjell 1994-2005**

Kommunedelplan for Hekkfjell har som mål å avpasse framtidig arealbruk til naturgrunlaget. Det er eit mål å leggje til rette for verksemd og arealbruk som kan vere med på å sikre busetjing og nye verksemdar.

Scooterområde - Sandvatn

Området er regulert til tidsavgrensa øvingsområde for scooter i kombinasjon med landbruk. Området går tilbake til LNF-område når reguleringa går ut.

I føresegnene er det gitt føringar for reguleringsplanen:

- 1) reguleringa skal gjelde heile heieområdet i nordre av kommunen.
- 2) bruken skal vere tidsavgrensa av omsyn til vilt.
- 3) området skal merkast.
- 4) det er informasjonstiltak knytt til området og bruken.

## 5. AREALBRUK

### 5.1 LANDBRUK

#### Omtale

Planområdet ligg i eit landbruksområde med 42 daa fulldyrka mark og ca. 135 daa dyrkbart areal. Området er mykje nytta til utmarksbeite for sau og storfe. Det er bygd vegar både inn til området og i sjølve området. Det blir kalka og det er gjort kultiveringstiltak i nokre av vatna/vassdraga. Det ligg einskilde hytter og stølår i nærleiken av planområdet. Innanfor sjølve planområdet ligg det ein støl med to hytter.

#### Konsekvens

Bruken av området er vinterstid slik at konflikten i forhold til landbruk og beite vil ikkje vera problematisk.

#### Avbøtande tiltak

Ingen

### 5.2 NATURMANGFOLD OG KULTURMINNER

#### Omtale


Området er ein del av Hekkjfjell som ligg over 6-700 meter over havet.

Området skal vurderast etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12

§8-9 Kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilstrekkelig. Opplysningar er i henta frå Naturbase (Miljødirektoratet), i tillegg supplert med lokalkunnskap.

Det er registrert fleire kulturminne i området. I området er det og registrert 3 lokalitetar av naturtyper. Alle desse er registrert som viktige, og er av typene kalkrike område, berg- og rasmark og slåttemark.



Planområdet ligg like utanfor område merka som INON-område.



Det er ikkje registrert sårbare artar forutan villrein (vurdert som eige punkt) eller viktige beite eller trekk for vilt innan planområdet.

Naturmangfoldlova omfattar og omsyn til landskap. I planen legg ein opp til bruk som ikkje vil setja varige spor i landskapet sidan aktiviteten skjer på vinterføre.

#### Konsekvens

Bruken av området er vinterstid, og ein kjem difor ikkje i konflikt med kulturminne eller naturtypene som er registrert i området. Det er heller ikkje opna opp i planen for tekniske inngrep som til dømes oppføring av bygningar eller tekniske installasjonar. Ein kjem difor ikkje i konflikt med INON-området

#### §10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Reguleringsplanen opnar for aktivitet i området vinterstid innanfor ein avgrensa tidsperiode.

Vurderinga er at den samla belastninga ikkje i vesentleg grad er til skade for naturmangfoldet.

#### Avbøtande tiltak

Det er lagt inn føresegn i reguleringsplanen med forbod mot oppføringar av bygningar og andre tekniske installasjonar.

#### §11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Skader som følgje av bruken vinterstid vil truleg ikkje forekome. Snøscooterklubben har i privatrettsleg avtale avklara korleis dette skal handterast.

#### §12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode


All aktivitet i området må forhalde seg til gjeldande lovar og reglar.

### **5.3 VILLREIN**

#### Omtale

Planområdet ligg i hensynssone bygdeutvikling i heiplanen. Det vil sei at villreininteressene er avklart. Området er likevel markert som leveområde for villrein. Dette betyr at det skal takast omsyn til

villreinen dersom det oppstår tilfelle der reinen tek i bruk området. Dette kan vera aktuelt til dømes vinterstid ved nedising av nordlege fjellområde.



#### Konsekvens

Dersom det oppstår spesielle naturforhold som gjer at reinen tek i bruk sørlege vinterbeite vil bruken av området vera i direkte konflikt med villreinen.

#### Tiltak


Villreininteressene legg føringar for bruken av området. Dersom det oppstår situasjonar der reinen tek i bruk sørlegare beiteområde i tilknytning til planområdet vinterstid, skal all aktivitet innan planområde stoppast. Dette er lagt inn som føresegner i reguleringsplanen.

### **5.4 FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE**

#### Omtale

Hekkfjell er eit høgareliggende naturskjønt område som har potensiale med omsyn til friluftsliv. Pr i dag er den lokale bruken begrensa og helst knytt til sommaren. Det er ingen merka løyper og stiar verken innafør eller utanfor planområdet og vegane inn i området er stengt med bom. Vinterstid er området lite tilgjengeleg på grunn av manglande vinterbrøyta vegar. Det er heller ikkje tilrettelagt for offentlig parkering i tilknytning til tilkomstvegane. Bruken er difor i all hovudsak avgrensa til dei som har hytte i området.

Planområdet er ein del av Hekkfjell og er vurdert som eit svært viktig friluftsområde i Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, 2014-2020.



### Konsekvens

Ved å legge ut eit område til øvingsområde for snøscooter legg ein begrensingar for anna friluftsliv. Det vil naturleg nok ikkje vere så attraktivt å bruke område som turområdet vinterstid. Det er likevel ikkje slik at bruken av øvingsområde fortrenger anna friluftsliv. Det er pr i dag ikkje tilrettelagt for skituristar i området.

### Tiltak

Ved å bruke tidbegrensing på bruken av området både gjennom døgnet og vekene, legg ein til rette for at anna friluftsliv kan utøvast i området dei vekene det ikkje er aktivitet i området. Det bør leggst til rette slik at allmennheten lett kan finna ut når øvingsområdet er i bruk. Dette blir lagt inn i føresegnene for planen.

## 5.5 STØY

### Omtale

Planområdet ligg langt frå fast bustad, men i og utanfor planområdet ligg det støylar og hytter. I utmarksområde kan det oppstå støykonfliktar når stilla blir forstyrra av snøscootertrafikk. Dei dagane det er aktivitet i planområdet vil bruken generere støy både innan og utanfor planområdet.

I veileder til retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging finn ein anbefala støygrenser for friluftsområder:

Tabell 2: Anbefalte støygrenser friområder, friluft- og rekreasjonsområder og stille områder.

Områdekategori	Anbefalt støygrense, ekvivalent støynivå	Anbefalt støygrense, maksimalnivå
Byparker, offentlige friområder, felles uteoppholdsarealer i tettbygd strøk, kirkegårder,	Tilsvarende grense som for uteoppholdsareal ved bolig, se retningslinjens tabell 3	Tilsvarende grense som for uteoppholdsareal ved bolig, se retningslinjens tabell 3
Stille områder i by/tettsted, større sammenhengende grønstruktur i tettsteder	$L_{den}$ 50 dB	Motorsport: $L_{AFmax}$ 60 dB Skytebaner: $L_{AImax}$ 60 dB Driftstidsbegrensninger bør benyttes
Stille områder utenfor by/tettsted, nærfriluftsområder, bymarker	$L_{den}$ 40 dB	Motorsport: $L_{AFmax}$ 60 dB Skytebaner: $L_{AImax}$ 60 dB Driftstidsbegrensninger bør benyttes

### Konsekvens

Bruken av området vil generere støy. Området som er regulert er valgt ut fordi det ligg langt frå bustadområder, regulerte hytteområder og områder med oppkøynde skiløyper. Grunneigarane i området er positive til bruken.

### Tiltak


Ved å informere godt om når området er i bruk på kommunen si heimesida, facebookside og oppslag andre stader, kan folk som er interessert i og vere i området eller dei som har hytter i området velje å bruke hyttene dei vekene og helgene det ikkje er aktivitet i øvingsområdet. Då vil støyen ikkje vera problematisk utover den støyen ein får frå snøscootertrafikk som er i området elles med omsyn til løyver generelt. Informasjonsplikten må takast inn i reguleringsføresegnene.

## **5.6 Snøskred**

### Omtale

Planområdet består av noko kupert terreng som er så bratt at det kan legga seg skavlar og snømengder som kan forårsaka snøskred.

I oversikten til NVE Atlas får ein opp denne oversikten over aktuelle skredutsette område i og utanfor planområdet:



### Konsekvens

Planområdet har vore i bruk over lang tid og det har så langt ikkje vore problem med skredfare. Dersom det skulle oppstå skredfare innan planområdet kan det vera farleg å opphalde seg i området. Det er difor viktig å merka av desse områda i terrenget med varselskilt.

### Tiltak

Dei skredutsette områda må merkast i plankartet og i terrenget og det må setjast opp fareskilt med forbod mot ferdsle.



## 6.EVALUERING AV BRUKEN AV OMRÅDET

Ved ei revidering av planen skal det gjerast ei evaluering av om føremålet med planen er oppfylt.

Det vil vera fleire aktørar som er sentrale i ei slik evaluering, mest sentrale er snøscooterklubben, Hægebostad kommune, politiet v/lensmannskontoret i Hægebostad og SNO (Statens naturoppsyn).

### Snøscooterklubben

Snøscooterklubben har positive tilbakemeldingar frå grunneigarane i området og har fått fornya underskriftene for 4 nye år (2015-2019). På årsmøtet i snøscooterklubben vert det informert om reglar for køyring og vore tydelege på at det ikkje er lovleg å køyre utanfor planområdet.

Snøscooterklubben har invitert politi og kommunen på årsmøta og arrangement. Klubben meiner det er viktig å få til ein god dialog med ungdommen. På dette punktet kan det gjerast forbetringar.

Totalt sett meiner snøscooterklubben at øvingsområdet bidreg til trivsel i kommunen og at den ulovlege køyringa i kommunen er blitt mindre.

### Politiet

Politiet er ikkje positiv til øvingsområdet, spesielt fordi det ikkje har hindra ulovleg køyring med snøscooter i verneområdet. Politiet er elles spesielt oppteken av at det ligg føre ein beredskapsplan i forhold til ulykker og uønska hendingar i området.

Området bør merkast og politiet bør til ei kvar tid ha tilgang på oppdaterte medlemslister i forhold til kontrollar i området.

Politiet stiller seg positive til dialogmøtet med kommune, Statens naturoppsyn og snøscooterklubben.

### Statens naturoppsyn (SNO)

SNO gir ikkje skriftleg uttale i slike saker, men kommunen har hatt samtale med Jon Erling Skåtan, som er den lokale ansatte i SNO. SNO er i likskap til politiet ikkje positiv til øvingsområdet, spesielt fordi det ikkje har hindra ulovleg køyring med snøscooter i verneområdet.

SNO meiner det er viktig at retningslinene og føresegnene i planen blir følgt opp av kommunen og stiller seg positive til å delta på møter og bidra med informasjon.

### **6.1 Nye føresegner som skal innarbeidast i planen som følgje av evalueringa:**

- Området skal merkast. Eiken snøscooterklubb er ansvarleg for at merkinga av området er synleg for dei som brukar området.
- Eiken snøscooterklubb pliktar til ei kvar tid å sende oppdatert medlemsliste til Hægebostad kommune, politiet og Statens Naturoppsyn.
- Det skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg informasjon på kommunens heimeside om kva dagar/tid området er i bruk.

- Eiken snøscooterklubb pliktar å ha Internkontrollsystem (HMS) i henhold til internkontrollforskrifta og med bakgrunn i NMFs Miljøreglement, med ansvars plassering, rutinar og instruksar for all aktivitet, herunder beredskapsplan for uønska hendingar.

## **6.2 Andre punkt/bindande avtalar:**

Det skal utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom politet og Hægebostad kommune der øvingsområdet på Sandvatn er eit eige punkt.

Hægebostad kommune skal kvart år før sesongstart, og innan desember månad, invitere snøscooterklubben, politiet og Statens naturoppsyn til dialogmøte for å diskutere aktuelle problemstillingar.

## **7.PRIVATRETTSLEGE AVTALER**

Snøscooterklubben er den formelle organisasjon og juridiske eininga som tek på seg kollektivt ansvar og plikter for bruken.

Klubben må avklare avgrensing av ansvar i høve til partar dei går inn i samarbeid med og i høve til brukarane i tråd med dette dokumentet.

Klubben pliktar å ha Internkontrollsystem (HMS) i henhold til internkontrollforskrifta og med bakgrunn i NMFs Miljøreglement, med ansvars plassering, rutinar og instruksar for all aktivitet, herunder beredskapsplan for uønska hendingar.